



NOTAT – UTDANNINGSFORBUNDETS KOMMENTAR TIL BUDSJETT- OG ØKONOMIPLAN 2025-2028

Utdanningsforbundet meiner tilsette, leiarar og administrasjon har gjort ein formidabel innsats med å finne moglege tiltak for å få budsjett- og økonomiplan til å gå mot ein trygg balanse og overskot. Prosessen har gjort det mogleg å vera med å spele inn tiltak for tilsette og leiarar på kvar enkelt arbeidsplass. I tillegg har fagforeiningane fått vore med i budsjettprosessen frå start til slutt på kommunenivå med møter kvar veke den siste tida. Våre innspel har blitt tatt på alvor, og nokre innspel har fått direkte konsekvens inn i endeleg tiltaksliste, dette ser me på som både nødvendig og særst positivt.

Me ynskjer likevel å kommentere nokre av tiltaka.

FSS06 – Reduksjon i deltaking av organisasjoner

Utdanningsforbundet er glad for at ein ynskjer å forsetje samarbeidet med Frisk og Rask. Dette er eit helsefremjande velferdstiltak som kan føre til at tilsette med ulike fysiske plager kan oppretthalde/betre arbeidsevne og unngå sjukefråvær. Me er avhengige av å tilrettelegge for tilsette for å få flest mogleg mest mogleg i arbeid. Å kutte i dette samarbeidet kunne ført til at vinninga bokstaveleg talt gikk opp i «spinninga»

FSS09: Kraftdag

Utdanningsforbundet meiner kraftdag 2024 var vellykka i den grad målet var å bygge lag på tvers av sektorar og avdelingar i kommunen. Me synes likevel det er vanskeleg å tilrå å bruke ein så stor sum på eit slikt arrangement, når det på andre sida ligg føre tiltak som kvar og ein kan gå i fakkeltog for, spesielt i oppvekst- og helsesektoren.

OPP01 – Avvikle rullerende barnehageopptak frå 01.03.2025

Av alle tiltak frå oppvekst anbefaler me å tilrå dette. Det er ikkje barns beste å starte så tidleg som mogleg i barnehage. Det blir enklare å planlegge ein god pedagogisk kvardag for borna i barnehagen, belastninga på dei tilsette blir mindre, og det vert enklare å sikre god pedagogisk drift

over tid. Utdanningsforbundet trur ikkje dette vil vera til hinder for at folk flyttar til Sauda eller vel å få born.

OPP-02 Reduksjon i val av plass og opningstider barnehage

Utdanningsforbundet meiner tiltaket med kortare opningstid kan gi betre bemanning sett opp mot bemanningsnorm. Me er og glade for at ein tilrår to veker stengd framfor fire, slik det er i mange andre kommunar. Borna skal ha minimum tre veker samanhengande ferie på sommaren, så då er det mogleg for foreldre å velje ferie for borna ei veke før eller etter dei to stengde vekene. Dette kan gjera det litt enklare med ferieavvikling for tilsette i til dømes helse, enn dersom barnehagen var stengd i fire veker. Det blir og enklare med ferieavvikling for dei tilsette i den enkelte barnehage.

OPP-04: Innføre foreldrebetaling for mat i SFO

Utdanningsforbundet støttar å innføre foreldrebetaling for mat i SFO. Dette kan betre rammene for å lage gode, sunne måltider og at det å lage mat og ha måltider i lag kan bli ein god felles arena for borna i SFO på tvers av årstrinn.

OPP-06: Reduksjon bemannings skule, 1

Utdanningsforbundet meiner born og unge her må skjermast.

- a) at tilsette vel å få born er eigentleg ei gladsak, men blir her gjort om til ei byrde for den det gjeld og dei tilsette som må ta over arbeidet til den som skal ut i permisjon, det er etter vårt syn dårleg arbeidsgivarpolitikk. Fleire av skulane driv i dag med minimumskapasitet for kva som er pedagogisk forsvarleg. At me slit med å få tak i kvalifisert personale bør ikkje vera eit argument for å ikkje prøve. Me er sterkt i mot dette tiltaket.
- b) Av mange tiltak er dette eit tiltak som me meiner kan gjennomførast når me samanliknar med omfanget av svømmeopplæring i andre kommunar.
- c) Risvoll skule har frå august gått frå fire til to klassar gjennom fådeling. Det er krevjande for både tilsette og born. Å samle mellomtrinnet i nokre av timane trur me vil gå ut over praktiske fag, det er svært utfordrande pedagogisk å ha praktiske fag med 28-30 elevar. Der bør me eigentleg gå i motsatt retning. Me er sterkt i mot dette tiltaket, og dette er eit reint økonomisk tiltak som ikkje fremjar eller tar hensyn til borns beste.
- d) Same argument som i c)

OPP11: Endre driftskonsept for elevkantina, Sauda ungdomsskule

Utdanningsforbundet er svært glad for at ein føresler å endre driftskonseptet framfor å føreslå nedlegging av elevkantina. Kantina er ein viktig sosial samlingsplass på tvers av klasser og trinn på ungdomsskulen. Her er det mogleg å tenke læring og mestring gjennom elevbedrift, alternativ undervisning eller at delar av undervisninga i mat&helse kan gjennomførast ved kantinedrift.

OPP-12: Strukturelle/organisatoriske endringar i skule

Utdanningsforbundet støttar tiltaket dersom ein ser at ein kan ivareta elevane sine rettar opp mot lover og regelverk, og at ein får tak i rett kompetanse til å gjennomføre eit slikt tiltak.

OPP-15: Busetting av flyktningar og vaksenopplæring

Utdanningsforbundet ynskjer å understreke at ein her må sjå an kva tiltak som er forsvarleg og at ein må ta høgde for å måtte reservere nokre av tiltaka. Dette er sårbare grupper. Det kan òg vera uheldig å bygge ned ein teneste som har fungert godt etter å ha bygd den opp, og at dei økonomiske føringane som er lagt inn her er usikre i høve kor mange flyktningar ein skal ta i mot i åra som kjem. Tiltaket må sjåast i samanheng med tiltaket *HV-30 Nav flyktning – reduksjon i sosialhjelpsbudsjettet*.

NSK-03: Reduksjon i kulturskulen

Utdanningsforbundet er klar over at ein har prøvd å få tak i kompetanse utan hell i kulturskulen. Det bør likevel ikkje vera eit argument for å bygge ned tilbodet enda meir. Kulturskulen er ein viktig arena for mange elevar som ynskjer å lære og utrykke seg gjennom dans, musikk, song og andre kulturelle uttrykk. Me kan støtte ein årleg konsert framfor to, men ikkje ei nedbygging av tilbodet elles. Dersom ein skal leggje ned lokalt UKM bør ein forsikre seg om at elevane har lov til å delta på UKM i til dømes nabokommunar.

NSK-04: Avvikle kommunens tilbod på møteplassen.

Utdanningsforbundet er sterkt imot dette tiltaket. For enkelte innbyggjarar er dette vekas lyspunkt og einaste sosiale møteplass, dette er ei svært sårbar gruppe og eit viktig tilbod. Me er redd for at effektivering av dette tiltaket kan føre til press på andre tenester i kommunen, då primærleg innan helsesektoren.

NSK-19: Reduksjon i tilskuddsmidler i kultur

Punkt 7: Spelemidler til idrettsanlegg. Utdanningsforbundet ynskjer ei betre utredning av konsekvenser for idretten i dette forslaget til tiltak. Vil det føre til utfordringar i allereie planlagde investeringar i anlegg, til dømes brattebakken? Utdanningsforbundet er bekymra over summen av tiltak som rammar born og unge innan kultur og idrett.

Utdanningsforbundet vil til slutt påpeike at dette kun er føreslegne tiltak for å kutte i drifta(utgifter). Me meiner at ein dei siste åra har sett tendensar til at ein er svært konservative i anslag for inntekter til kommunen. Her har organisasjonane lite informasjon om kva som ligg bak desse anslaga. Her er

det så mange tiltak som rammar tilsette og innbyggjarar i kommunen at det er uheldig om ein underbudsjetterer inntektene til kommunen. Dei siste åra har me hatt betydeleg større inntekter enn kva ein har lagt til grunn, og dette gjeld ikkje berre kraftinntekter. Utdanningsforbundet vil og peike på at det er val neste år, og ein har ein regjering som ser at det blir ropa høgt i kommune-Norge. Me vert svært overraska om Sauda kommune ikkje blir tilført meir økonomiske midlar i revidert nasjonalbudsjett.

Elles vonar og forventar me at tiltak i oppvekst som ikkje er tatt med i denne lista over tiltak føreslege frå kommunedirektør, ikkje blir tatt inn igjen av politikarar, og at ein uansett ser det naudsynt å skjerme born og unge av hensyn til borns beste. Me krev òg at ein må vurdere borns beste slik ein skal i alle avgjerdsler(jamfør barnekonvensjonen) som gjeld born, før ein eventuelt vedtar kutt. Noko anna vil vera saksbehandlingsfeil.

Saudasjøen 28.10.2024

Stefan Moen Søfting

HTV/LL Utdanningsforbundet